

SAK 61/08 SØKNAD OM STØTTE TIL ÅRLEG UNGDOMSRÅDSKONFERANSE I HALLINGDAL

Saksopplysing

I søknad dat. 26.9.2008 (vedlegg 1) søker fritidsleiarane i Hallingdal om støtte til årleg ungdomsrådskonferanse for Hallingdal.

Fritidsleiarane har ynskje om å skapa ein arena der ungdomsråda i Hallingdal kan ha meiningsutveksling, debatt og eit sosialt nettverk. I dag er det lite samarbeid på tvers av kommunegrensene. Som eit konkret tiltak er det planlagt ei todagars ungdomsrådskonferanse (vedlegg 2) i haust, der det m.a. skal setja fokus på oppvekstvilkåra for ungdommen i Hallingdal.

Av eit totalt budsjett på vel 40.000 kroner blir det søkt om kr. 30.000 til tiltaket. Målet er ei årleg ungdomsrådskonferanse i Hallingdal, der Regionrådet bidreg med midlar for å oppretthalde konferansen.

Vurdering

Etter dagleg leiar sitt syn er dette eit positivt tiltak.

Noko av utgangspunktet for ungdomsråd er m.a eit forsøk på å inkludere ungdom sterke i lokaldemokratiet. Ungdomsråda har m.a. som mål å arbeide for at den einskilde kommune skal bli ein betre stad å leva for ungdom, og fremje ungdom sine interesser.

Det er eit nasjonalt mål å auke talet på kommunar med brei medverking frå barn og ungdom. Barn og ungdom si deltaking og innflytelse i plan- og vedtaksprosessar er og eit nasjonalt mål at skal bli så godt innarbeida, at dette blir ein naturleg del av det ordinære arbeidet, overfor barn og ungdom i kommunane. Det er naturleg at dette arbeidet i hovudsak skjer på kommunalt nivå, men det kan også vera fornuftig med ei regional tilnæming. Om dette bør vera på fylkesnivå eller med utgangspunkt Hallingdal trur eg kan vera ei viktig drøfting og avklaring.

For Hallingdal som for mange andre regionar er det er utan tvil slik at ei av dei største utfordringane er å ta betre vare på ungdommen. Ungdommen er råvare til vår framtidige humankapital. I eit slikt perspektiv kan det vera like rett å tenkje region som kommune. I Hallingdal er det ei rekke tiltak som er retta mot ungdom utan at ungdommen i særleg grad har vore involvert. Dette er alt frå div. tiltak i forhold til framtidig rekruttering av arbeidskraft til kriminalitetsførebyggjande arbeid.

Ut frå ei regional tilnærming meiner dagleg leiar det vil vera rett å stimulere til tettare samarbeid i forhold til ungdom og ungdomsråd.

I tillegg til at det blir søkt om støtte for 2008 er det og eit mål frå fritidsleiarane at dette skal bli eit årleg tiltak. Dersom det skal vera eit årleg tiltak, kan det t.d. inn som post i Regionrådet sitt budsjett, eller det blir avsett midlar i den einskilde kommune. For å få ein regionalt profil på tiltaket med ei årleg ungdomsrådskonferanse, kan det vera føremålstenleg at det er ein eigen post i Regionrådet sitt budsjett. Eit eventuelt årleg arrangement kan vera rett at blir vurdert med bakgrunn i erfaringar i 2008.

For 2008 er det søkt om kr. 30.000 i tilskot basert på kursavgift på kr. 300,- pr. deltakar. Her er prisen no auka til kr. 500, - noko som gjer at inntektene blir noko høgare.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 25.000 til ungdomsrådkonferansen for 2008.
Midlane blir teke frå avsette midlar til Strategisk plan 2008.
2. Med bakgrunn i evaluering av ungdomsrådkonferansen 2008 vil Regionrådet vurdere om det bør gjevast støtte til ei årleg ungdomsrådkonferanse for Hallingdal.

Ål 25.10.2008


Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg

1. Søknad, dat. 26.9.2008, om støtte til årleg ungdomsrådkonferanse for Hallingdal.
2. Program for ungdomsrådkonferansen 2008

SAK 61/08, VEDLEGG 1

Gol Kommune
v/ Fritidsleiar Kjetil Th. Storebråten
Gamlevegen 4
3550 Gol



Regionrådet for Hallingdal
Torget 1
3570 Ål

Gol 26.09.2008

Søknad om støtte til årleg ungdomsrådkonferanse for Hallingdal

Bakgrunn:

Etter kvart har dei fleste kommunane i Hallingdal fått godt fungerande barne og ungdomsråd. Desse politisk oppnemnde organa skal uttala seg om alle sider ved barn og unges levekår i bygdene våre.

Difor har fritidsleiarar frå heile Hallingdal ynskje om å skapa ein arena der ungdomsråda kan ha meiningsutveksling, debatt og eit sosialt nettverk.

Slik det er i dag veit råda lite om kva ungdomsråd i andre kommunar driv med, og i regionale saker kan det vera viktig og stå saman i kampen for ungdommanes oppvekstvilkår.

Det er mange råd og utval for vaksne regionalt, men svært få for ungdom. For nokre år sidan hadde Buskerud Fylkeskommune eit fylkesungdomsråd, men dette vart av ulike grunnar lagt ned.

Me ser difor behovet for ein regional ungdomsrådkonferanse her i Hallingdal, som også kan vera med å legge press på fylkeskommunen så fylkesungdomsrådet kjem i gong att.

Planen er å ha ein todagars konferanse den 7 og 8. november 2008.

Her vil det vera ein sosial del der alle blir kjent med kvarandre, før det blir seminar og gjennomgang av barne og likestillingsdepartementet si handbok for ungdomsråd.

Det blir meiningsutveksling og debatt, før opplegget fortsett neste dag med eit nytt seminar.

Med kjem til å invitera politikarar og andre som engasjerar seg i debatt omkring ungdommens oppvekstvilkår i dalen.

Tema for det siste seminaret blir avgjort i løpet av oktober. Program blir ferdig ca 20 oktober.

SAK 61/08, VEDLEGG 1

Søknad om støtte:

Prisen for opplegget er ca 40.822 kr. Kvart ungdomsråd bidreg med ca 300 kr pr deltagar.

Resten av summen ca 30.000 kr søker me difor i støtte frå Hallingdal Regionråd.
(Dette utgjer 5000 kr pr kommune i Hallingdal)

Målet er å gjera dette til ein årleg konferanse, og at Regionrådet kan bidra med midlar for å oppretthalde konferansen.

Vonar at de i Regionrådet i Hallingdal ser betydningen av ein slik konferanse, og kan støtte dette viktige prosjektet.

Sidan konferansen er i byrjinga av november 2008 håpar me på rask attendemelding.

Mvh

På vegne av Fritidsleiarane i Hol, Ål, Nesbyen, Flå, Hemsedal og Gol Kommune

Fritidsleiar
Kjetil Th. Storebråten

Budsjett Ungdomsrådskonferansen 2008 ÅI 7-8 nov

Overnatting	350 kr pr stk X35	12250
Leige av underv. Ro	200 kr X 35	2400
Pluss 8 prosent mva		1172
Mat 200 kr x 35		7000
Foredragsholder-reise+kurs og Hotell		15000
Aktivitetsopplegg		3000
Sum		40822

Inntekter	300 kr pr deltaker	10500
-----------	--------------------	--------------

Sum søknad **30000**

Regnskap vil bli forelagt Regionrådet max åtte veker etter at konferansen

Program for ungdomsrådkonferansen 2008 Torpomoen

Velkommen til ungdomsråd/klubbstyre konferanse på Torpomoen

Dato: 7 og 8 nov 2008



Program: 7 Nov

**Kl 16.00 Velkommen- oppmøte ved administrasjonsbygget
(fyrste hus på høyre side, inngangen helit til venstre)**

Innsjekking på rommet.

Kl 16.30 Bli kjent samling v/ Tor Even Lysfjord

Kl 17.00 Middag Tacobuffe

Kl 18.00 Innføring i håndbok for ungdomsråd ved Kjetil Th. Storebråten.

Kl 19.00 Pause

Kl 19.30 Forberedelse av spørsmål til debattpanel

Kl 20.00 Innledning til debatt/meningsutveksling med panelet

”Ungdommens levekår i Hallingdal”

Olaug Grønseth Granli (ordførar Gol kommune) Job Morales o.a.

Kl 20.30 Spørsmål og innspel frå deltakarane på konferansen.

Kl 21.30 Pizza og kveldskos

Kl 22.30 Underholdning sosialt samvær, vær med å bidra du også!!

Kl 24.00 Sov Godt

Program: 8 Nov

Kl 8.00 Opp

Kl 09.30 Frokost

Kl 09.15 Seminar med Fredrik Brodin frå rjeng i Sverige:

”Korleis kan du påverka korleis ungdom har det i bygda di”

Kl 10.15 Pause med frukt

Kl 10.15 Gruppearbeid: ”Korleis kan ungdomsrådet/klubbstyret konkret kunne fremme sine saker i sitt nærmiljø”

Kl 11.00 Nettverksbygging ungdomsråda i mellom.

”Korleis samarbeide vidare”

Kl 12.00 Rydding av rom utsjekking

Kl 12.30 Avreise

Har du spørsmål kontakt med Kjetil Th. Storebråten

Mob: 90821745 Mail: kjetil.storebraten@gol.kommune.no

Kursavgift: 500 kr. pr deltar.